

Gulen kommune
Eivindvikvegen 1119
5966 EIVINDVIK

TILSYNSRAPPORT - VEDTAK

Gulen kommune
Eivindvik skule

Tema:

Skulens aktivitetsplikt for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø:

Plikta til å undersøke

Plikta til å sette inn tiltak

Sak 2020/2056

Innhald

Samandrag	3
1 Innleiing	4
1.1 Kort om kommunen	4
1.2 Om gjennomføringa av tilsynet	5
2 Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø	6
2.1 Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø	6
2.1.1 Rettslege krav	6
2.1.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar	7
2.2 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak	13
2.2.1 Rettslege krav	13
2.2.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar	14
3 Pålegg om retting	18
3.1 Oppfølging av pålegga	19
4 Kommunen har rett til å klage	19
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget	20

Samandrag

Vi fører tilsyn med Gulen kommune og Eivindvik skule.

Temaet for tilsynet er skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.

Vi har avgrensa tilsynet til å gjelde bestemte delar av skulens aktivitetsplikt. I tilsynet kontrollerer vi plikta til å undersøkje saker, plikta til å setje inn tiltak dersom ein elev ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø og plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9.

Dei mest sentrale funna frå tilsynet er:

- Vi finn at rektor ikkje har sikra at skulen undersøker saker tilstrekkeleg grundig når dei har mistanke om, eller kjennskap til, at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor sikrar ikkje at elevar som saka gjeld får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
- Vi finn at rektor ikkje sikrar at skulen sett inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.
- Skulens aktivitetsplanar er ikkje i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd.
- Rektor sikrar ikkje at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, eller kva endringar eleven ønskjer, og rektor syter ikkje for at skulen tilpassar tiltaka basert på denne informasjonen.

Kommunen fekk tilsendt førebels rapport og har ikkje uttalt seg innan fristen som var 28. april 2020. Vi gjer no vedtak om pålegg om retting.

Gulen kommune har rettefrist til **26. juni 2020**.

1 Innleiing

Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggje retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova vert oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen. Dersom kommunen ikkje følgjer regelverket, kan Fylkesmannen påleggje retting etter at kommunen har fått ein frist for å rette regelverksbrota.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

Når det gjeld metode for tilsyn etter opplæringslova, har Utdanningsdirektoratet utarbeidd eiga handbok som Fylkesmannen skal nytte. Handboka¹ ligg på Utdanningsdirektoratets nettsider.

1.1 Kort om kommunen

Eivindvik skule ligg i Gulen kommune og har skuleåret 2019-2020 76 elevar². Skulen er ein kombinert barne- og ungdomsskule med elevar på kvart årstrinn frå 1.-10.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane førte sist tilsyn med Eivindvik skule hausten 2015. Temaet for dette tilsynet var skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Vi har tidlegare ikkje ført tilsyn med elevane sitt skulemiljø ved skulen.

I vårt opningsbrev av 31. januar 2020 opplyste vi kva vi ønskte å undersøke ved dette tilsynet og kvifor Eivindvik skule i Gulen kommune er valt som tilsynsskule:

- Å føre tilsyn med denne delen og to delplikter er knytt til dei erfaringane vi har gjort oss som handhevingsmyndigheit for skulemiljø saker.
- I fleirtalet av sakene der vi har fatta vedtak om brot på aktivitetsplikta, har det vore brot på desse delpliktene.
- Skal skulane klare å setje inn dei tiltaka som gjer at skulemiljøet for den det gjeld blir betre, er skulen heilt avhengig av å undersøkje saka tilstrekkeleg, slik at det er ein klår og tydeleg samanheng mellom situasjonen til eleven og dei tiltaka skulen set inn. Slik at tiltaka er både relevante og eigna.

Vi refererte også til tal frå Elevundersøkinga for Eivindvik skule som viser varierende tal, til dømes elevane sin trivsel, støtte frå lærarane og motivasjon. Ein del elevar seier dei har blitt mobba av

¹ Metodehåndbok for tilsyn - en håndbok for tilsyn i metode for tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven.

² Utdanningsdirektoratet: Grunnskolens informasjonssystem (GSI) .

andre elevar dei siste månadane. Føresette ved skulen har vore i kontakt med Fylkesmannen i Vestland om skulemiljøproblematikk, men vi har ikkje mottatt saker frå skulen.

Vi meiner difor det er riktig å gjennomføre tilsyn med korleis skulen undersøker og om skulen set inn eigna tiltak for å løyse dei aktuelle sakene.

I opningsbrevet bad vi kommunen om å sende inn til saman fem til ti aktivitetsplanar.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Gulen kommune i brev av 31. januar 2020. Kommunen vart pålagt å levere dokumentasjon til oss med heimel i opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3.

Kommunen hadde frist til 24. februar 2020 for å levere eigenvurdering i RefLex³, dvs. frå lærar, inspektør/avdelingsleiar og rektor. Eigenvurdering og dokumentasjon vart levert innan fristen.

Hovudtemaet for dette tilsynet, *skulemiljø*, er ein del av felles nasjonalt tilsyn frå 2018. Skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø, er delt i tre område:

1. Skulemiljø: Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø.
2. Skulemiljø: Skulens plikt til å arbeide førebyggjande og informere og involver elevar og foreldre
3. Skuleeigars forsvarlege system på ovannemnde område.

Fylkesmannen fører tilsyn med område 1 som inneheld tre deltema:

1. Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
2. Plikta til å straks å varsle, undersøkje og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.
3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

Vi undersøker nokre forhold under deltema 1 og 3.

Under deltema 1 undersøker vi:

- om skulen alltid undersøker saka ved mistanke eller kjennskap,
- om skulen alltid får fram fakta om situasjonen,
- om skulen undersøker bakgrunn og forhold som påverkar elevens oppleving,
- om involverte elevar vert høyrde i samband med skulens undersøking,
- om skulen alltid undersøker saka snarast og om skulen dokumenterer si undersøking.

³ Utdanningsdirektoratet: RefLex er eit verktøy for dei som jobbar med barnehage og skule, og ei hjelp til å reflektere rundt korleis ein arbeider med regelverket. <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/egenvurdering/reflex/>

Under deltema 3 undersøker vi:

- Om skulen lagar ein skriftleg aktivitetsplan der det går fram
 - problem tiltaka skal løyse,
 - planlagde tiltak,
 - når tiltaka skal gjennomførast,
 - kven er ansvarleg og tidspunkt for evaluering av tiltaka.

Denne tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

Vi har ikkje gjennomført intervju, sjølv om det det var opna for dette i opningsbrevet.

2 Skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har et trygt og godt skulemiljø

2.1 Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø

2.1.1 Rettslege krav

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2.

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø kallar vi skulens aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikta er beskriven i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøkje og setje inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Skulen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø, skulen si aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til fylkesmannen, jf. opplæringslova § 9 A-9 første ledd og forvaltningslova § 11. De må gi informasjonen på ein måte og i eit omfang som gjer at elevane og foreldra kan ta hand om sine rettar etter lova.

Plikta til å undersøkje alle saker

Plikta til å undersøkje alle saker følgjer av opplæringslova § 9 A-4, sjettedde. Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal de undersøkje saka nærare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal legge til rette og ufarleggjere samtalen. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for eleven sin oppleving og kva i eleven sine omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekkje kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at dei skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å undersøkje saka straks

De må undersøkje kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøkje korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skulemiljø som følgje av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal setje inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøkje, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å setje inn eigna tiltak

Plikta til å setje inn eigna tiltak følgjer av opplæringslova § 9 A-4, sjettedde. Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt. De skal lage ein skriftleg plan når de skal sette inn tiltak i ei sak.

De skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og eleven sitt heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er eleven sitt beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere eleven sitt syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, eleven sin identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, eleven sin rett til liv og utvikling, eleven sin fysiske og psykiske helse og eleven sin rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setje eleven sitt beste til side. De må ta stilling til kor stor vekt eleven sitt beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikre at dette blir gjort.

På www.reflex.udir.no finn ein meir informasjon om krava som gjeld skulens aktivitetsplikt.

2.1.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

Vår observasjon

Både lærarar og skuleleiing svarar bekreftande på spørsmål om dei alltid undersøker saka når tilsette får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Teamleiar på mellomtrinnet og rektor kommenterer svaret med at dei har plikt til å gjere dette og at dei set i gang organiserte undersøkingar. Rektor kommenterer at som oftast er det rektor og kontaktlærar som gjer dette. Både i skulens dokument om aktivitetsplikta⁴ og i skulens plan for trivsel og tryggleik⁵ er det vist til aktuelt regelverk. I skulens plan for trivsel og tryggleik er det eit eige punkt (D) om administrasjonen på skulenivå. Under punktet om førebygging står det mellom anna at «(...) administrasjonen må syte for at alle tilsette får opplæring i temaet. Til dømes opplæring i observasjon (...) heile tida observere korleis elevane (..) er det mistanke (...) skal rektor varslast om dette.» I kommentarane er det opplyst om at skulen har nytta «Innblikk»⁶ mellom anna for å kunne systematisere observasjonar. Skulens vaktliste for 2019-20⁷ viser aktuelle bygningar og område og kven som har ansvar for område på ulike tidspunkt.

Både skuleleiinga og lærarane svarar bekreftande på spørsmål om undersøkinga alltid får fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving og kva i elevens omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet og om skulemiljøet vert opplevd som trygt og godt av eleven. I kommentarane er det også her vist til skulens bruk og erfaringar med «Innblikk». I kommentarane kjem det fram at skulen jobbar aktivt for å få fram elevens oppleving. Men ved forhold utanom skulen, understrekar rektor at ein i slike saker må «(...) trø varsamt og ha god dialog med dei føresette.»

Både skuleleiing og lærarane svarar bekreftande på spørsmålet om involverte elevar alltid blir høyrde når de undersøker saker. Rektor kommenterer svaret med: «Elevane vert alltid høyrde.» Skuleleiing og lærarar svarar bekreftande på dette spørsmålet om skulen dokumenterer korleis dei undersøker saker ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. I kommentarane skriv rektor at dei at dei «(..) bruker heile tida 9A protokollen, men det er dei viktige avklaringane som vert førde inn i protokollen.» Det er også kommentert at «(.) dokumentasjon er viktig. Rektor tek hand om innsamla materiale.» I samband med dette spørsmålet legg rektor ved skulens protokoll⁸.

Skulen har sendt inn eitt dokument som særleg omhandlar kapittel 9A i opplæringslova⁹. Dokumentet inneheld to hovuddelar.

Den første delen opplyser om lovverket, det vil seie elevens rett, aktivitetsplikta og kven plikta omfattar, dei fem delpliktene, minimumskrava til aktivitetsplanen, oppfylling av aktivitetsplikta og å melde sak til Fylkesmannen. Under kvart av områda er det vist til aktuelt og oppdatert lovverk.

⁴ Eivindvik barnehage og skule: Aktivitetsplikt etter kap. 9-A i opplæringslova

⁵ Eivindvik barnehage og skule: Trivsel og tryggleik, oppdatert 15.11.19

⁶ Læringsmiljøsentret, UiS: Innblikk - et sosial-analytisk verktøy for å forebygge og avdekke skjult mobbing

⁷ Eivindvik barnehage og skule: vaktliste 2019-2020 datert 16.01.2020

⁸ Eivindvik barnehage og skule: Aktivitetsplikt etter kap. 9-A i opplæringslova.

⁹ Eivindvik barnehage og skule: Aktivitetsplikt etter kap. 9-A i opplæringslova

Den andre delen inneheld dei fem delpliktene i aktivitetsplanen med tilhøyrande skjema og spørsmål som skal svarast på og signerast. Under kvar delplikt er det vist til aktuelt og oppdatert lovverk. Det er også skjema som skal nyttast ved utarbeiding av aktivitetsplan. Den andre delen, fungerer òg som mal for elevsaker.

Skulens framgangsmåte for undersøking viser at det er lagt opp til undersøking i form av 1. undersøking, 2. undersøking og 3. undersøking. Dei innsendte sakene viser at det er gjennomført samtalar og med sitat av kva elevane har sagt under samtalen. Det er òg konkludert med om saka krev aktivitetsplan i form av kryssing for ja eller nei og kommentar om at saka er løyst eller at det gjeld forhold utanfor skulen. Dei innleverte sakene (6) viser at det gjerne er berre 1. undersøking som blir gjennomført.

Vår vurdering

Skulen skal undersøke saken etter at dei har fått mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor må sikre at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at det vert undersøkt i alle saker. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med skulens framgangsmåte i praksis.

Det går fram av innsendte eigenvurderingar, mal og innsendte saker at skulen har undersøkt i alle saker. Rektor og kontaktlærer er sentrale ved undersøkingar. Vi finn det sannsynleggjort at lovkrav om skulens undersøkingsplikt ved kunnskap eller mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø er gjort kjent for dei tilsette ved skulen. Rektor følgjer opp at det vert starta undersøkingar og vi finn at rektor har sikra at skulen har ein framgangsmåte som viser at det vert undersøkt i alle saker.

Rektor må syte for at skulens framgangsmåte sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Skulen må gjere dei undersøkingane som med rimelegheit kan forlange. Med andre ord er det viktig å innhente nok informasjon til å avdekkje bakanforliggjande årsaker dersom éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Å undersøke kva som ligg bak elevens oppleving er sentralt, men kravet er ikkje at skulen skal skaffe fram/vurdere bevis. Undersøkinga kan òg få fram forhold som ligg tilbake i tid, eller forhold utanfor skulen, men det avgjerande er om dette påverkar elevens skulekvardag.

Gode undersøkingar og analyser av funn er ein føresetnad for å vurdere kva som er eigna tiltak i ei sak, og skal utgjere grunnlaget for ein aktivitetsplan. Mange saker gjeld elevar som er særskilt sårbare, og det er då særleg viktig at det blir sett inn tiltak som er forankra i grundige undersøkingar. Ein del av undersøkingsplikta inneber òg å analysere og ta stilling til kva funn undersøkingane har avdekka.

Bortsett frå at det kan gjennomførast undersøking i form av tre undersøkingar, kan vi ikkje sjå at rektor har gitt andre føringar for framgangsmåten ved undersøking. At det i innleverte saker viser at det stort sett berre er gjennomført *ei* undersøking, svekker òg grunnlaget for om skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Dersom det er lagt uklare føringar for undersøking,

kan det føre til at saker også vert handsama ulikt. I eigenvurderingane er det vist til bruk av «Innblikk», men i ingen av dei innsendte sakene er det referert til slike resultat som ein del av skulens undersøking.

I dei innleverte sakene skriv rektor og i sakene går det fram at skulen har gjennomført samtale/ar med den eller dei involverte elevane. I nokre av sakene er det òg ført opp samtale med ein bestemt profesjon. Det er viktig at skulen klargjer høyring av elev/ar med utgangpunkt i kva fase saka er i.

I undersøkingfasen vil samtalar med eleven/ane kunne vere eigna til å klarlegge elevanes subjektive oppleving, til dømes kva skjer, når ting skjer, kven er involvert og om forhold har skjedd ein gong/fleire gonger. Det kan òg vere behov å supplere med å kartlegge andre faktorar i skule- og klasse miljøet som kanskje ikkje alltid eleven kjenner til, men som kan bidra til at eleven ikkje opplever å ha det trygt og godt på skulen. Med andre ord vil det i denne fasen vere naturleg å undersøke breitt for å kunne finne fram til eventuelle problem som det skal arbeidast vidare med

Aktivitetsplanen inneheld tiltak som skulen set i gang. Framleis vil det vere viktig å høyre eleven og at eleven får gi sine opplevingar, men føremålet er no å få fram forhold om korleis tiltak fungerer, for eventuelt å vidareføre eller endre tiltak. Samtale/høyring med ein bestemt profesjon kan godt vere eit tiltak i aktivitetsplanen, men føremålet med denne samtalen vil då vere tiltak, til dømes kan det vere å tryggande samtalar for at eleven skal få det trygt og godt på skulen. Samtale med ein bestemt profesjon kan òg vere å undersøke vidare, men dette er ført opp som tiltak i aktivitetsplanen.

Vi kan ikkje sjå at rektor har lagt føringar for høyring av elevar utover det at skulen seier at skulen gjennomfører samtalar med elev eller elevar. Det er difor viktig å klargjere omgrepet høyring av elevar nærare i skulens framgangsmåte også med tanke på at saker skal vere undersøkt tilstrekkeleg grundig.

I dei innsendte sakene kan vi ikkje sjå at skulen differensierer mellom å høyre elevar med tanke på undersøking og høyring som tiltak. Vi kan difor ikkje konkludere med at skulen dokumenterer ein praksis som er i tråd med regelverket og særleg med tanke på at skulen skal undersøkje saker tilstrekkeleg grundig.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen undersøker saka snarast ?

Vår observasjon

I RefLex er det stilt spørsmål om skulen alltid undersøker saka snarast og om skulen kan dokumentere dette ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Både skuleleiing og lærarane svarar bekreftande på dette spørsmålet. I kommentarane frå teamleiar og rektor skriv dei at det er «(...)sær viktig å få oversikt over situasjonen til eleven, slik at ein kan koma fram til - og setje i verk eventuelle tiltak(.)» og «undersøkt så raskt som mogeleg, helst same dag som ein oppdaga den.»

I dei innsendte sakene er det ført opp dato for når saka er meldt eller varsla og dato for når skulen gjennomfører samtale eller høyring av elev/ar. Fleire av sakene er knytt til enkelthendingar som har oppstått, men skulen har likevel dokumentert når skulen set i verk undersøking. I dei fleste tilfelle skjer dette i form av samtale med elev/ar.

Vår vurdering

Krava er at skulens framgangsmåte må sikre at dei undersøker saka snarast mogleg. Rektor må følge opp at skulen gjer dette i praksis.

Bortsett frå at skuleleiing og lærarar svarer bekreftande på dette spørsmålet i RefLex, kan vi ikkje sjå at skulens dokument inneheld føringar om kor raskt ein skal undersøke saker. Men på bakgrunn av dei innsendte sakene ser vi at skulen startar undersøking snarast mogleg, gjerne same dagen. Utifrå innsendt dokumentasjon kan vi heller ikkje sjå at saker vert liggjande utan at skulen set i verk undersøkingar.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at aktuelle elevar får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen?

Vår observasjon

I RefLex er det stilt spørsmål om elevane alltid får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Både skuleleiing og lærarane svarar bekreftande på dette spørsmålet. I kommentaren skriv teamleiar: «Ja, elevane det gjeld er aktive i prosessen.» Rektor kommenterer med at før dei skriv ein aktivitetsplan, «(...) har ein samtale med elevane så dei veit kva mål ein set seg fram til neste evaluering.»

Vår vurdering

Rektor må syte for at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at de legg til rette for at eleven som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Dersom eit eller fleire tiltak direkte påverkar andre elevar, så har også desse elevane ein rett til å uttale seg om korleis tiltaket påverkar dei. Rektor må følge opp at dei som jobbar på skulen, legg til rette for at eleven får høve til å uttale seg i praksis. Tilsette må ta utgangspunkt i elevens modnadsnivå når dei skal uttale seg om innhaldet i aktivitetsplanen.

Både tilsette og rektor kommenterer at dei er aktive i prosessen og dei har samtale med elevane før dei skriv aktivitetsplanen. Bortsett frå å informere elevane om mål for neste evaluering, kan vi ikkje sjå at skulen har dokumentert framgangsmåten. Særleg korleis skulen legg til rette for å informere eleven om innhaldet i aktivitetsplanen. Det er sentralt at dette blir gjort utifrå elevens føresetnader og rektor må sjå at skulens framgangsmåte blir følgt opp i praksis.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt ?

Vår observasjon

Både skuleleiing og lærarane svararar bekreftande på både spørsmålet om skulen alltid set inn tiltak der ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø og om tiltaka alltid er tilpassa saka i type og omfang. Vidare svarar dei òg bekreftande på om tiltaka er baserte på elevens heilskaplege behov og elevens beste.

Rektor kommenterer svaret med at dei «(.)prøver alltid å setje inn tiltak. Problema kan løysast raskt, men vi har ei sak som det tok eit halvt år å løyse.»

Vår vurdering

Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever å ha eit trygt og godt skulemiljø. Det kan vere forhold på skulen eller forhold som skjer utanfor skulen, men skulen må fortsette å setje inn tiltak så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt. Tiltaka som skulen set i verk skal òg vere lovlege. Skulen skal velje tiltak ut frå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. Årsaka til problemet vil ofte krevje fleire tiltak i samanheng for at tiltaka i sum skal vere eigna til å løyse problemet. For at skulen skal ta stilling til kva som er elevens beste i saka er det behov for å vurdere ulike moment, til dømes elevens syn på innhaldet i aktivitetsplanen, elevens identitet, familiemiljø eller nære relasjonar, elevens behov og elevens sårbarheit.

I dei innsende sakene ser vi at sakene gjerne har utgangspunkt i enkelthendingar, til dømes slåsskamp, klammeri på fotballbane, hending i klasserommet eller at eleven er borte frå undervisninga. Enkelthendingar kan likevel vere eit uttrykk for meir omfattande problematikk. Vi ser og at nokre saker har tilknytning til forhold heime eller på fritida.

Skulens tiltak slik det kjem fram i sakene er i stor grad å planlegge eller å gjennomføre møter eller samtalar mellom elevar-skule/annan etat og skule-heim. Dersom skulen vil gjennomføre samtalar som tiltak må det komme klart fram korleis dette skal bidra til å avhjelpe problemet eleven opplever, og sikre at eleven skal få et trygt og godt skulemiljø. I aktivitetsplanane er det ikkje gitt nokon nærare skildring av kva desse samtalene skal dreie seg om, eller kva føremålet med samtalene skal vere, jf. òg vår vurdering under tidlegare kontrollspørsmål. Utan ei skildring av kva samtalene skal omhandle og kva som er føremålet med samtalen, vil det vere vanskeleg å evaluere effekten av desse seinare.

Skulens framgangsmåte må sikre at skulen sett inn tiltak som er tilpassa saka i type og omfang. Dette må vere basert på elevens heilskaplege behov og elevens beste. Av dei innsendte sakene kan vi ikkje sjå korleis elevens behov er vurdert med tanke på tiltak. Vurderingsmoment vil kunne vere elevens syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, og eleven si helse og sårbarheit. Moment som kan inngå i ei vurdering av sårbarheit kan vere karaktertrekk og

eigenskapar, familierelasjonar, omsorgsbehov og liknande. Det er viktig at skulen vurderer aktuelle moment når dei utformar eigna tiltak.

Skulen har ikkje sannsynleggjort eller dokumentert ein framgangsmåte som tek i vare dei aktuelle lovkrava for at skulen kan setje inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

2.2 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

2.2.1 Rettslege krav

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Skulen skal gi elevane og foreldra informasjon om retten til eit trygt og godt skulemiljø, skulen si aktivitetsplikt og retten til å melde ei sak til fylkesmannen, jf. opplæringslova

§ 9 A-9 første ledd og forvaltningslova § 11. De må gi informasjonen på ein måte og i eit omfang som gjer at elevane og foreldra kan ta hand om sine rettar etter lova.

Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka

De må gjennomføre alle tiltaka som følgjer av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal tilretteleggje og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setje inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsetje med å setje inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan setje inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd

2.2.2 Fylkesmannens observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Kontrollspørsmål: Lagar skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9A-4 sjette ledd når skulen set inn tiltak i ei sak ?

Vår observasjon

Både skuleleiing og lærarane svarer brekreftane på spørsmåla om skulen lagar ein skriftleg aktivitetsplan som skildrar kva problem tiltaka skal løyse, kva tiltak skulen har planlagt, når skulen skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka og når skulen skal evaluere tiltaka. I kommentarane skriv avdelingsleiar: «Dette arbeidet blir gjort av rektor.» Rektor kommenterer svaret slik: «Problema kan ofte løysast raskt, men enkelte saker må løysast i eit trappetrinnsystem. Mål for mål i aktivitetsplanen. Sjølve aktivitetsplanen er punkt 5 i 9A protokollen.» I tilknytning til dette spørsmålet har rektor òg lagt ved skulens mal for skulens aktivitetsplikt¹⁰.

Under punkt 5 er det både i skulens mal og dei innsendte sakene vist til minimumskrava til aktivitetsplanen. Vidare er desse formulerte som overskrifter i aktivitetsplanen.

I aktivitetsplanane har skulen satt dato eller veke for gjennomføring av tiltak. Det er òg ført opp kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka. På nokre plassar er føresette ført opp som ansvarleg for gjennomføring. Til dette vil vi kommentere at skulen gjerne må oppfordre føresette eller elevar til å gjennomføre aktivitetar, men dette kan ikkje vere tiltak i ein aktivitetsplan. Vi ser at i aktivitetsplanane er set opp dato for evaluering.

Vår vurdering

Det er ikkje formkrav til at aktivitetsplanen utover at han skal vere skriftleg og det er heller ikkje krav om at aktivitetsplanen er eit enkeltvedtak. Skulen har levert inn skriftelege aktivitetsplanar som heller ikkje er enkeltvedtak og desse forholda er difor i tråd med lovkrava.

Sjølv om vi langt på veg finn at dei innsendte aktivitetsplanane på fleire aktivitetsplanane imøtekjem dei formelle lovkrava, har vi tidlegare konkludert med lovbrøt, til dømes når det gjeld skulens plikt til undersøking og særleg at skulens undersøking må vere «tilstrekkeleg», eleven si

¹⁰ Eivindvik barnehage og skule: Aktivitetsplikt etter kap. 9-A i opplæringslova

rett til å uttale seg om innhaldet i aktivitetsplanen og krav til at tiltaka skal vere eigna. Dette er forhold som må synleggjerast før at vi kan konkludere med at den skriftlege plan er i tråd med krava i § 9A-4 sjetette ledd.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Får eleven og foreldra som saka gjeld, aktivitetsplanen frå skulen dersom dei ber om det ?

Vår observasjon

Krava er at elev og foreldre som ber om det har rett til å sjå sin eigen aktivitetsplan. Dersom planen inneheld teiepliktige opplysningar, må skulen vurdere om slike opplysningar skal utelatast før planen vert levert ut.

Både skuleleiing og lærarane svarer brekreftane på dette spørsmålet i Reflex. Rektor kommenterer svaret slik: «Dei som vil får planen, men både føresette og elevar er informerte om kva som står i planen. Dei har vore på møte med rektor oftast same dag ein skriv sjølve aktivitetsplanen.»

Vår vurdering

På bakgrunn av innleverte saker og svar i RefLex finn vi at skulen imøtekjem krava om å levere ut aktivitetsplanen dersom elevar eller foreldre ber om det. I innleverte saker kan vi heller ikkje sjå at det er teiepliktige opplysningar om andre elevar.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

Vår observasjon

Både skuleleiing og lærarane svarer brekreftane på spørsmål i Reflex. Det eine er om skulen alltid gjennomfører tiltaka i aktivitetsplanen slik dei er skildra, både i innhald og tid. Det andre er om skulen dokumenterer tiltak i samsvar med aktivitetsplanen.

Fleire har gitt kommentarar til svara. Teamleiar skriv: «Ja, dersom ikkje situasjonen endrar seg, slik at ein må gjere justeringar.» Rektor er inne på det same: «Her prøver vi så godt vi kan, men det kan kome endringar i planen dersom ting rettar seg raskt.» Også lærar kommenterer at dei følgjer planen, " (...)men i enkelte tilfelle har vi hatt møter undervegs i prosessen, der planen vart evaluert, og ved i alle fall eitt tilfelle endra undervegs. Då følgde vi sjølvstøtt den oppdaterte planen.»

I kva grad ein dokumenterer tiltak i samsvar med aktivitetsplanen, svarar avdelingsleiar at denne dokumentasjonen er det rektor i samarbeid med dei involverte lærarane som gjer.

I dei innsendte sakene der det er utarbeidd aktivitetsplan er det vist til gjennomført møte og oppsummering av kva det er konkludert med. I ei sak er det også lagt ved logg.

Vår vurdering

Skulen må følgje opp at dei gjennomfører alle tiltaka i planen slik dei er beskrivne, både i innhald og tid. Det er likevel rom for at de gjer små praktiske endringar i gjennomføringa av tiltaka, dersom de gjer dette i forståing med eleven og foreldra. Skulen må også dokumentere at dei gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen. Dei skal dokumentere kva de faktisk har gjort i kvar enkelt sak, og det er ikkje tilstrekkeleg å vise til rutinar eller planar.

I dei innleverte sakane ser vi at rektor har følgd opp aktivitetsplanen både i form av skildring, innhald og tid. I ei av sakene er det lagt ved logg som dokumentasjon.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sikrar rektor at skulen hentar inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn og korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer?

Vår observasjon

Både skuleleiing og lærarane svarer brekreftane på spørsmål i Reflex. Det eine er om skulen alltid spør eleven om korleis tiltaka har verka, og kva for endringar eleven ønskjer. Det andre spørsmålet er om skulen alltid hentar inn nødvendig informasjon om korleis tiltaka har verka.

I kommentarane skriv avdelingsleiar at eleven er aktivt med i prosessen. Lærar seier at i slike saker «(...) innbefattar alltid fleire samtalar med eleven.» Rektor skriv: Det siste evalueringsmøtet vi har før vi konkluderer med at eleven har eit trygt og godt skulemiljø, viser dette.»

Vår vurdering

Vi ser at skulen gjennomfører samtalar med eleven, men rektor må også gje ein framgangsmåte som sikrar at dei spør eleven om korleis tiltaka har virka og kva for endringar eleven ønskjer. Rektor må følgje opp at dei alltid spør eleven om dette. Eleven skal få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om han eller ho vil uttale seg, kva saka gjeld og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen. De skal leggje til rette for og ufarleggjere samtalen og sørge for at han er tilpassa elevens mognadsnivå.

Vi finn det sannsynleggjort at skulen har ein framgangsmåte som sikrar at dei involverer eleven i evalueringa av tiltaka. I den innleverte dokumentasjonen går det likevel ikkje fram om skulen har ein framgangsmåte for kva informasjon skulen gir elevane for at dei vil uttale seg, og om korleis høyringa av elevane vert gjennomført.

Ettersom skulen ikkje har dokumentert korleis dei tilpassar og gjennomfører samtalar med eleven, finn vi at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at dei spør eleven om korleis tiltaka har virka og kva for endringar eleven ønskjer.

Skulens framgangsmåte må sikre at dei hentar inn nødvendig informasjon om korleis tiltaka har verka. Rektor må følgje opp at skulen innhentar informasjon i tråd med framgangsmåten. De må òg vurdere om det er andre personar enn eleven som kan gi informasjon om korleis tiltaka har verka, og innhente informasjon frå desse personane.

Vi ser at både foreldre og helsesjukepleiar er inne i nokre av dei innsende sakene, men gjerne i form av samtale/møte, men det er meir uklart i kva grad deira stemme uttrykker korleis tiltak har virka. Å hente inn elevens stemme vil vere nødvendig i samband med evaluering av tiltaka. Dersom skulen ikkje har fastsett framgangsmåte for korleis dei skal gå fram for å hente inn tilstrekkeleg informasjon, inklusive eleven si stemme, kan vi ikkje sjå at skulen har sannsynleggjort at det alltid vert innhenta nødvendig informasjon i samband med evaluering av tiltak.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Sørger rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og elevens syn?

Vår observasjon

På spørsmål om dei alltid tilpassar tiltaka, svarar både rektor og lærarane bekreftande. Ein kommentar er: «Dersom det er hensiktsmessig for at eleven skal få det trygt og godt på skulen.» I ein kommentar går det fram at skulen ikkje har en klar framgangsmåte: « Vi nyttar inga ferdig oppskrift for korleis vi handsamar slike saker, men freistar å gjere dei tiltaka som vi etter ei heilskapleg vurdering best meiner vil hjelpe eleven og situasjonen.»

Vår vurdering

Rektor må syte for at skulen evaluerer og tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og eleven sitt syn.

Av dei innsendte sakene med aktivitetsplan går det ikkje klart fram i kva grad skulen har tilpassa tiltaka som følgje av evaluering og med vekt på eleven sitt syn. Det vert også kommentert i eigenvurderinga at skulen ikkje har ein framgangsmåte eller «oppskrift» for dette. Vi kan heller ikkje konkludere med at skulen imøtekjem dette lovkravet, dvs. om skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og elevens syn.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Kontrollspørsmål: Informerer skulen elevar og foreldre om at de kan melde saka si til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplanen?

Vår observasjon

Både skuleleiinga og lærarane svarar bekreftande på spørsmålet om skulen informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka til Fylkesmannen. Rektor svarar i kommentaren at dette vert gjort til føresette når skulen startar og viser til skulens systematiske arbeid med § 9-A 3 i opplæringslova¹¹. Årshjulet i planen viser at i august blir alle elevar og føresette orientert om kapittel 9-A og at det også ligg opplysningar om dette på skulens heimeside. På skulen si heimeside kan vi ikkje sjå at det er lagt ut informasjon om kap. 9A, men dei har lagt ut lenke til Utdanningsdirektoratet si side Nullmobing.no

Vår vurdering

På bakgrunn av svar i eigenvurderingar og innsendt plan for skulens systematiske arbeid med § 9-A 3 finn vi at skulen informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

3 Pålegg om retting

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi varslar at vi vil gjere vedtak kor vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

Plikta til å undersøke og sette inn tiltak eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

1. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4. Kommunen må i samband med dette sjå til at skulen:
 - a. Rektor sikrar at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
 - b. Rektor sikrar aktuelle elevar får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen.
 - c. Rektor sikrar at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt.

¹¹ Eivindvik skule: Det systematiske arbeidet: §9A-3 i opplæringslova andre ledd.

2. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11. Kommunen må i samband med dette sjå til at skulen:

- a. Skulen lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9A-4 sjette ledd når skulen set inn tiltak i ei sak.
- b. Rektor sikrar at skulen hentar inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn og korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer.
- c. Rektor sørger for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og elevens syn.

3.1 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 26. juni 2020.

Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

Når vi avsluttar tilsynet, vil vi utarbeide eit informasjonsskriv for elevar og foreldre som summere opp tilsynet og kommunens tiltak.

4 Kommunen har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å gjere om vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saka og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 5. mai 2020

Helge Pedersen
tilsynsleiar

Atle Baaserud
rådgjevar

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Skolen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø

Innsendte dokument frå Eivindvik skule

- Eigenvurdering via RefLex frå teamleiar mellomsteget, teamleiar ungdomssteget, avdelingsleiar og rektor
- Seks elevsaker
- Eivindvik barnehage og skule: Aktivitetsplikt etter kap. 9-A i opplæringslova
- Eivindvik skule: Det systematiske arbeidet: §9A-3 i opplæringslova andre ledd
- Eivindvik barnehage og skule: Trivsel og tryggleik, oppdatert 15.11.19
- Eivindvik barnehage og skule: vaktliste 2019-2020 datert 16.01.2020